



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/19	Sektorutval for tekniske saker	23.04.2019
067/19	Formannskapet	08.05.2019
048/19	Kommunestyret	14.05.2019

Vedtak om framleis bruk av standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Bakgrunn for saka:

Stryn kommune har sidan 1981 nytta standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, utarbeidd av Norske Kommuners Sentralforbund (KS). Stryn kommunestyre gjorde sist vedtak om bruk av standard abonnementsvilkår administrative og tekniske bestemmelser i 1992. Vedtaket var då utforma slik at det er dei til ei kvar tid siste utgåve av vilkåra som gjeld. Stryn kommune nyttar i dag standard abonnementsvilkår utgjeve i 2017.

For å auke kjennskap til reglementet, og på grunn av at det er lenge sidan førre vedtak ynskjer ein å få stadfesta bruk av vilkåra utgjeve av KS og kommuneforlaget i 2017.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Standard abonnementsvilkår byggjer på fleire lover og forskrifter, direkte og indirekte. Desse er:

Plan – og bygningslov med byggteknisk forskrift (TEK) og forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta)

Forurensingsloven med forurensingsforskrifta

Matlova med forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta)

Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova)

Lov om kommunale vass – og avløpsanlegg med

- Forskrift om begrensing av forurensing , kapittel 16 om kommunale vass – og avløpsgebyr
- Gebyrregulativ for vatn – og avløp 2018 – Stryn kommune, 10.11.2017
- Forskrift for vass- og avlaupsgebyr – Stryn kommune, 23.10.2013

Ikkje vedlagt sakstilfang:

Vedlegg i saka:

Vedtak standard abonnementsvilkår 1992	1416174
Administrative_bestemmelser_2017	1416175
Tekniske bestemmelser 2017	1416178

Saksopplysningar:

Standard abonnementsvilkår regulerer sanitæranlegga tilknytt kommunale vassverk. Dei er utforma slik at dei skal kunne vedtakast i alle kommunar. Nokre kommunar vel å leggje ved lokale tilpassingar til abonnementsvilkåra. Stryn kommune har ikkje hatt lokale tilpassingar. Standard abonnementsvilkår er ein avtale mellom to partar, kommunen som vassverkseigar og den einskilde abonnent. Kommunen handhevar altså ikkje abonnementsvilkåra som mynde, men som ein part i eit gjensidig ansvarsforhold.

I innleiinga i standard abonnementsvilkår 2017 heiter det:

«En del bestemmelser er i tillegg direkte eller indirekte hjemlet i lover og forskrifter som forurensningsloven, plan- og bygningsloven (pbl.) og byggeforskriftene. Den foreliggende teksten er ment å utdype og konkretisere bestemmelsene i eksisterende lovverk og gi en kortfattet og lett tilgjengelig sammenfatning av de krav som gjelder. Det er imidlertid ikke meningen å presentere informasjon som finnes andre steder hvis dette ikke er nødvendig for sammenhengen i disse vilkårene. Det er brukt henvisninger til aktuelt regelverk der dette er naturlig.»

I kapittel 1 i reglementet heiter det:

«Formålet med disse bestemmelsene er å

- fastsette hvilke leveringsbestemmelser og vilkår kommunen, som eier av offentlig vann- og avløpsanlegg og leverandør av tjenestene, stiller for tilknytning til og bruk av offentlig vann og avløpsanlegg. Dette omfatter også det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent som er, eller blir, tilknyttet offentlig vann- og avløpsanlegg.
- stille krav til aktørene slik at de private vann- og avløpsanlegg som tilknyttes kommunalt nett, blir utført på en betryggende måte med hensyn til funksjonssikkerhet og anleggs- og utstyrskvalitet.»

Og vidare:

«Abonnementsvilkårene omfatter private vann- og avløpsanlegg tilknyttet offentlige vann- og avløpsanlegg. De gjelder både for eksisterende og nye abonnenter, og uavhengig av om abonnenten har skrevet under en erklæring om å overholde vilkårene eller ikke.»

Standard abonnementsvilkår gjeld altså for alle som er tilknytt kommunale vassverk og avløpsanlegg.

Standard abonnementsvilkår er i to delar; Administrative og tekniske bestemmelser. Dei administrative bestemmelsane tek føre seg juridiske og forvaltningsmessige tilhøve. Dei tekniske bestemmelsane set fram krav til utføring for sanitæranlegg. Vilkåra regulerer ikkje kommunalt eigde vassforsyningsanlegg, desse er regulert av VA – norm.

Administrative bestemmelser er frikjøpt og kan publiserast på nett, dei ligg såleis vedlagt saka. Dei tekniske bestemmelsane er ikkje frikjøpt og lyt kjøpast i bokform, vedlegg syner derfor kun innhaldsoversikt. Tekniske bestemmelser er hovudsakleg retta mot profesjonelle aktørar i bransjen, og for desse vil det vere naturleg å kjøpe si eiga utgåve.

Vurdering:

Det tidlegare vedtaket, frå 23.06.1992, fastset at det er dei til ei kvar tid oppdaterte standard abonnementsvilkåra som skal gjelde. Endringar i vilkåra reflekterer utviklinga i bransjen og samfunnet. Det er derfor nyttig å forankre vilkåra politisk på nytt og samstundes gje abonnentar høve til å gjere

seg kjend med dei.

Det er viktig for abonnentane i Stryn kommune å kjenne til at dei mottek vass – og avløpstenester på visse vilkår. Dei har mellom anna eit eigarskap til stikkleidningar, tankar eller slamavskillarar, anboringsklammer og eventuelle pumper og ventilar. Dei har ansvaret for at desse er oppført etter tekniske bestemmelsar og at dei vert haldne ved like.

Dette vil auke kunnskapen om avtalevilkåra som gjeld.

Kunngjerast ovanfor abonnentane ved oppslag i pressa, publisering på kommunen si internettside.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune vedtek å bruke Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative- og tekniske bestemmelser utgjeve av KS i 2017.

Sektorutval for tekniske saker 23.04.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

TS- 029/19 Vedtak:

Stryn kommune vedtek å bruke Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative- og tekniske bestemmelser utgjeve av KS i 2017.

Formannskapet 08.05.2019:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

FO- 067/19 Vedtak:

Stryn kommune vedtek å bruke Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative- og tekniske bestemmelser utgjeve av KS i 2017.

Kommunestyret 14.05.2019:

Handsaming:

Frode Briksdal hadde forlete møtet. Det var 24 røysteføre.

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

KS- 048/19 Vedtak:

Stryn kommune vedtek å bruke Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative- og tekniske bestemmelser utgjeve av KS i 2017.